

Rådmannen sin rapport –

Pr. 2. tertial 2014

*Pr. 15.9.2014 (oppdaterte tal for januar – august)
Fråværsdata er pr. juni (1.ste halvår)*

Generelt om tertialrapporten

Tertialrapportering – bakgrunn

Frå 2014 vart kvartalsrapporten endra frå rapportering kvar 3.dje månad til rapportering kvar 4.de månad. Rapporten er fortsatt ei avviksrapportering. Det som ikkje blir kommentert må ein med er under kontroll. Politikarane treng ikkje vite at administrasjonen og dei tilsette gjer jobben, men må vite når det «lugger», kva som blir gjort lokalt for å rette opp og kva som må vidare i systemet.

Tertialrapporten er utarbeidd på eit så grovt nivå som mogeleg.

Tertialrapportering – oppbygging

Rapporten er ein rein avviks-rapport, der avdelingane får høve til å rapportere det som dei sjølv ser som vesentlege avvik i høve til:

- Fråvær (vi har endra frå nærvær til fråvær)
- økonomi
- drift

og som er av ein slik art at Kommunestyret bør bli kjent med dei.

Tertialrapportering som ledd i anna rapportering

Oppbygginga av tertialrapporten finn ein att også i anna rapportering til kommunestyret. Det vil likevel vere ei litt anna gradering av kva som er «alvorleg» avvik i ei årsmelding enn i ein tertialrapport. Ei årsmelding synar historie og kan ikkje føre til endringar for perioden som det blir rapportert for. Ein tertialrapport vil gje signal om avvik der ein framleis kan gjere justeringar for å rette opp avvika. Dess lengre ut i året tiltak blir sett i verk, dess mindre effekt vil tiltaka ha.

Tertialrapporten – måloppnåing

Rådmannen ynskjer å legge til rette for at mål blir meir klare og meir konkrete slik at ein kan rapportere når målet er nådd. Det er og blir viktig å kunne skilje mellom mål og verkemiddel.

Fråvær

Kommunane sine kostnader er i stor grad lønsbaserte. I einskilde avdelingar er over 80 % av kostnadene relatert til løn og kostnader knytta til løn. Eit fråvær vil ha forskjellige konsekvensar frå dårlegare kvalitet og produktivitet i einskilde avdelingar til høgare kostnader ved overtid, vikarinneleige og ekstrahjelp i andre avdelingar som må ha 24/7-tenester. I tillegg vil det kunne få konsekvensar for brukar. Tiltak som reduserer fråvær vil difor vere vel brukte pengar.

Økonomi

I utgangspunktet skal ein kommune nytte dei tildelte pengane til beste for brukarane og innanfor vedtekte mål for verksemda. Ein kommune er budsjettstyrt og ein kan ikkje nytte meir pengar enn ein har budsjett, jfr. [budsjettvedtaket sitt punkt E \(K-sak 55/2013\)](#).

Løn er som nemnd over den største utgiftsposten. Andre utgifter er lettare å kontrollere, men desto lågare i organisasjonen tilsette kan gjere innkjøp, desto større blir avstanden til budsjett og budsjett-disiplin, kan det virke som. Avdelingane har store fullmakter til å styre tidspunktet for eit innkjøp sjølv, noko som er viktig for å unngå detaljstyring.

Gol kommune forsøker å fakturere kvartalsvis det som Gol kommune er vert for. Nokre store inntekter veit vi ikkje før februar året etter og desse er kritiske for kommunen si verksemd.

Fokuset i kvartalsrapporten er netto-utgift, slik Gol kommune har budsjettert og rapportert dei seinaste åra. Dette er ikkje nødvendigvis det beste for å få kontroll med kostnadene.

Drift

Med drift meinast dei oppgåvene vi er sett til å løyse innafor budsjett. Her vil ein i utgangspunktet rapportere på måla som er sett – mengde, kvalitet, lovmessige krav, om ein har nådd fristar osb.

Rådmannen legg vekt på at kvartalsrapporteringa skal gje signal om kva for mål som er kritiske for den einkilde verksemd og som kommunestyret må vite om. Nokre mål kan ein utsetje fleire månader utan særlege konsekvensar, andre kan ein ikkje utsetje ein dag utan kritiske konsekvensar.

I dei aller fleste tilfelle blir måla nådd som meint og planlagt. Rådmannen reknar dette som sjølvsgt og er takksam for alt arbeid som blir lagt ned av alle tilsette for å nå måla. Men kommunestyret skal som tidlegare nemnd ikkje behøve å få rapport over det vi har gjort. Kommunestyret skal få orientering om det administrasjonen og verksemdene ikkje har fått utretta og ev. det ein har fått utretta meir enn målet, årsaka til dette (kort), eiga vurdering av kor alvorleg dette avviket er i høve til måla og om avdelinga kan ordne avviket sjølv.

Mål

Gol kommune sin Kommuneplan for 2008 – 2020 – samfunnsdelen – er ein god plan med mange, store mål. Nokre avdelingar har fått endra sine mål i perioden, medan andre har same mål som for 6 år sidan.

Kommunestyret har gjennom sitt vedtak om bygging av ny skole også vedteke at ein må gjere reduksjonar i anna drift. Rådmannen har gjennom fleire prosessar forsøkt å få både administrasjon og politisk apparat til å konkretisere mål og sjå etter andre måtar å løyse oppgåvene på. Økonomiplanen legger opp til omprioriteringar av drifta for fleire millionar. Då må vi tenke store tankar. Ein kan ikkje rekne med at alle tilbod vil eksistere i si noverande form.

Hovudpoenget er; Gol kommune vil ikkje kunne makte satsinga på skolesektoren utan reelle grep i form av reduserte tilbod andre stader.

Innhald

for å komme attende til innhald – klikk øvst til høyre på linken)

1. Oppfølging av vedtak
 - A. [Kommunestyret](#)
 - B. [Formannskapet](#)
 - C. [Utval for kultur og levekår – UKL](#)
 - D. [Utval for natur og næring - UNN](#)

2. [Fråvær - avvik og tiltak](#)

3. Økonomisk status pr. dato – avvik og tiltak
 - a. [Løn](#)
 - b. [Andre kostnader](#)
 - c. [Inntekter](#)
 - d. [Investeringar](#)
 - e. [Fond – bruk og avsetning](#)
 - f. [Balanse – uteståande fordringer](#)

4. [Tenesteyting – målsetting – avvik og tiltak](#)




5. [Personalforhold og HMS](#)

6. [Spesielle hendingar og informasjonar](#)

Vedlegg:

- A. [Økonomisk status – totalt for heile kommunen – hovudart](#)




1. A - Oppfølging av vedtak i kommunestyret

-  Gjennomført frå Gol si side – kan vere kommentarar
 Ikkje gjennomført, ikkje kritisk – med kommentarar
 Ikkje gjennomført, kritisk – med kommentarar

Sak	Saka gjeld	Årsak til avvik/kommentarar
Februar-møtet – 04.02.2014		
1/2014	Vikojordet og delar av Storøyne - utbyggingsavtaler	
2/2014	Hallingdal museum - konsolidering	Se vedtak - K-sak 19/2014
3/2014	Hallingkastet pub og pizza AS - Søknad om serveringsløyve og skjenkeløyve	
4/2014	Hallingdal Kraftnett AS - endring av aksjonæravtalens punkt 5	Saka trukke
5/2014	Lovlighetskontroll av kommunestyresak 55/13 behandla i Kommunestyret 17.12.2013	Oversendt Fylkesmannen i Buskerud, motteke svar mai
6/2014	Val til styret i Hallingdal Renovasjon IKS	
7/2014	Val til styret i Gol Skysstasjon AS	
8/2014	Val til Gol Sentrum AS	
9/2014	Val til styret for Gol Byggdrift Kommunalt Foretak	
10/2014	Val til styret i Gol kommunale Eigedomar AS	
11/2014	Søknad om serveringsløyve og skjenkeløyve for alkohol gr. 1, 2 og 3 Stugu Drift AS	
Mars-møtet – 4.3.2014		
12/2014	Grunnlovsfesting av det lokale sjølvstyret	
13/2014	Forsøksordning med etablering av snøscooterløyper i Gol kommune - Stadfesting av forskrift	
14/2014	Reguleringsplan for Nerebekken K2 - 2 gangs behandling og sluttbehandling	Opp til grunneigarane kva som skal skje vidare
April-møtet – 1.4.2014 (klikk deg inn på aktuell dato)		
15/2014	Ny pensjonsordning for folkevalgte frå 1. januar 2014	
16/2014	Hallingmo – storleik og plassering idrettshall	Kontinuerlig prosess
17/2014	Overføring av elevar frå Herad til Gol skole	
18/2014	Forvaltningsrapport Gol helsetun	
19/2014	BuskerudMuseene – godkjenning av driftsavtale og val av rådsmedlem	
20/2014	Styringsdokument for organisering av 17. mai i Gol kommune	Budsjettjustering
21/2014	Omorganisering av tekniske avdelinger og Gol Byggdrift Kommunalt Foretak	Prosesen er i gang, avtalt fellesmøte, stillingsannonse pr. 5.10
22/2014	Forslag til utbyggingsavtale Hemsedal Golf Alpin F11	
23/2014	Suppleringsval varamedlemar UNN	
24/2014	Suppleringsval – varamedlemer til formannskapet	
April-møtet 29.4.2014 (klikk deg inn på aktuell dato)		
25/2014	Hallingmo områderegulering – 2. gangs behandling og sluttbehandling	
Mai-møtet 27.5.2014 (klikk deg inn på aktuell dato)		
26/2014	Beitebruksplan for Gol kommune	
27/2014	Hemsedal Gol Alpin F11 - 2. gangs behandling og sluttbehandling	
28/2014	Årsmeldingar og årsrekneskap 2013 for interkommunale samarbeidsorgan og tiltak	
29/2014	Drift av skolekorps i Gol	Utsett

Sak	Saka gjeld	Årsak til avvik/kommentarar
30/2014	Søknad om skjekebevilling, Kjersti's Mat og Vinhus	
31/2014	Fastsetjing av gebyr for sal av alkoholhaldig drikk 2014	
32/2014	Fastsetjing av gebyr for skjenking av alkoholhaldig drikk 2014	
33/2014	Suppleringsval varamedlemer Utval for Kultur og Levekår	
34/2014	Val til kommunenes opplæringskontor IKS	
35/2014	Utviklingsprogram for byregionar	
Juni-møtet 17.6.2014 (klikk deg inn på aktuell dato)		
36/2014	IKT-samarbeid i Hallingdal	Krever likt vedtak i alle kommunar – Nes manglar pr. september , Ål har kommentarar
37/2014	Årsmelding 2013 - Gol Byggdrift Kommunalt Foretak	
38/2014	Årsregnskap for 2013 - Gol Byggdrift Kommunalt Foretak	
39/2014	Årsmelding 2013 - Gol kommune	
40/2014	Årsregnskap 2013 - Gol kommune	
41/2014	Disponering av årsresultat 2013 - Gol kommune	
42/2014	Skolekorps - redusert drift	Skal vurderast i økonomiplan-arbeidet
43/2014	Søknad om skjenkebevilling - Skysskroa AS	
44/2014	Kommunestruktur - faktasak	
August-møtet 19.8.2014 (klikk deg inn på aktuell dato)		
44/2014	Nye Gol skole - bygging og finansiering	

1. B - Oppfølging av vedtak i formannskapet

-  Gjennomført frå Gol si side – kan vere kommentarar
 Ikkje gjennomført, ikkje kritisk – med kommentarar
 Ikkje gjennomført, kritisk – med kommentarar

Sak	Saka gjeld	Årsak til avvik/kommentarar
<u>Januar-møtet – 23.01.2014</u>		
1/2014	Barnehagestrukturen i Gol kommune	Adm. må legge fram modellar for UKL innan 1. juni 2014
2/2014	Hallingdal museum – konsolidering	Vert behandla i Kommunestyret
3/2014	Vikojordet og delar av Storøyne – utbyggingsavtalar	Vert behandla i Kommunestyret
4/2014	Hallingdal Kraftnett AS – endring av aksjonærvtalens punkt 5	Vert behandla i Kommunestyret
5/2014	Salg av arealer i Kristenbråten og erverv av areal til skole på Hallingmo	
<u>Februar-møtet – 20.02.2014</u>		
6/2014	Grunnlovsfesting av det lokale sjølvstyret	
7/2014	Forsøksordning med etablering av snøscooterløyper i Gol kommune – Stadfesting av forskrift	Vert behandla i Kommunestyret
8/2014	Sal av kommunalt areal – Gnr. 14, Bnr. 79	
9/2014	Søknad på næringsfondet i Gol kommune 2014, 1. halvår	
<u>Mars-møtet – 20.04.2014</u> (klikk deg inn på aktuell dato)		
10/2014	Omorganisering av tekniske avdelinger og Gol Byggdrift Kommunalt Foretak	Vert behandla i Kommunestyret
11/2014	Kjøp av areal til etablering av skole på Hallingmo	
12/2014	Salg av næringsareal i Leirhaugen industriområde	
13/2014	Salg av arealer i Kristenbråten	
14/2014	Forslag til utbyggingsavtale Hemsedal Gol Alpin F11	Vert behandla i Kommunestyret
15/2014	Ny pensjonsordning for folkevalgte fra 1. januar 2014	Vert behandla i Kommunestyret
16/2014	Styringsdokument for organisering av 17. mai i Gol kommune	Vert behandla i Kommunestyret
17/2014	Overføring av elevar frå Herad til Gol skole	Vert behandla i Kommunestyret
18/2014	Hallingmo – storleik og plassering idrettshall	Vert behandla i Kommunestyret
<u>Mai-møtet – 07.05.2014</u> (klikk deg inn på aktuell dato)		
19/2014	Finansiering av ny veg frå RV7 til Gol sentrum	Bør ha budsjettsak
20/2014	Søknad om kjøp av tilleggsareal til gnr. 25, bnr. 210	Inkl. bidrag til infrastrukturfondet - punkt 5 og punkt 6
21/2014	IKT-samarbeid i Hallingdal	Vert behandla i Kommunestyret
22/2014	Drift av skolekorps i Gol	Vert behandla i Kommunestyret
23/2014	Innkjøp av pasientsignalanlegg ved Gol Helsetun - sjukeheim	Anlegg er kjøpt inn, budsjettsak blir utarbeidd
<u>Juni-møtet – 05.06.2014</u> (klikk deg inn på aktuell dato)		
24/2014	Årsmelding 2013 - Gol kommune	Vert behandla i Kommunestyret
25/2014	Regnskap 2013 - Gol kommune	Vert behandla i Kommunestyret
26/2014	Disponering av årsresultat 2013	Vert behandla i Kommunestyret
27/2014	Årsmelding 2013 - Gol Byggdrift KF	Vert behandla i Kommunestyret
28/2014	Årsrekneskap 2013 - Gol Byggdrift KF	Vert behandla i Kommunestyret
29/2014	Framtidig barnehagestruktur i Gol kommune - økonomiske konsekvensar og investeringar med ulike modellar	Skal vurderast i samband med handlingsplan 2015 - 2018
30/2014	Bustader og velferd	Skal vurderast i samband med handlingsplan 2015 - 2018

Sak	Saka gjeld	Årsak til avvik/kommentarar
August-møte 1 – 19.08.2014 (klikk deg inn på aktuell dato)		
31/2014	Nye Gol skole - bygging og finansiering	Vert behandla i Kommunestyret
32/2014	Sal av areal i Gol sentrum	Vil bli gjort i løpet av hausten
33/2014	Salg av Gol kommunes aksjer i Gol Alpin Golfbane AS - pantsettelse av tomter i regulert hyttefelt	Ventar på initiativ frå kjøpar
August-møte 2 – 28.08.2014 (klikk deg inn på aktuell dato)		
34/2014	Justering av budsjettet for kjøkkenet Gol helsetun - utviding av faste heimlar	Vert behandla i Kommunestyret
35/2014	Heslaledningen I og II - avslutting av prosjekt	Vert behandla i Kommunestyret
36/2014	IKA Kongsberg - endring av selskapsavtale	Vert behandla i Kommunestyret
37/2014	Suppleringsval til eksisterande beredskapsråd i Gol kommune	Vert behandla i Kommunestyret
38/2014	Sal av tomt i Kristenbråten boligfelt	Arbeidet er satt i gong
39/2014	Søknad på næringsfondet i Gol kommune 2014, 2. halvår	
40/2014	Forvaltning av kommunale bustader og formålsbygg	Vert behandla i Kommunestyret
41/2014	Oppretting av heimlar i helsehjelp i heimen - unntatt etter off.lova § 13, jfr. Fvl § 13	Vert behandla i Kommunestyret

1. C - Oppfølging av vedtak i utval for kultur og levekår (UKL)

- Gjennomført frå Gol si side – kan vere kommentarar
- Ikkje gjennomført, ikkje kritisk – med kommentarar
- Ikkje gjennomført, kritisk – med kommentarar

Sak	Saka gjeld	Årsak til avvik/kommentarar
<u>Januar-møtet – 22.01.2014</u>		
1/2014	Hallingdal Museum – konsolidering	Vert behandla i Kommunestyret
2/2014	Rapportar etter tilsyn i barnehagane på Gol etter Lov om barnehagar	
3/2014	Gjennomført brukarundersøking i barnehagane i Gol 2013	
4/2014	Barnehagestrukturen i Gol kommune	
5/2014	Endringar i organisasjonen Gol skole frå 1.8.2014	
6/2014	Plan for overføring av elevar frå Herad skole til Gol skole frå 01.08.14	
7/2014	Vegnamn – endring av namn frå Eiklidvegen til Eiklesvegen	
8/2014	Vegnamn – privat veg frå Skaraåsvegen til Fagerdalen – Fagerdalvegen	
9/2014	Hallingdkastet pub og pizza AS – søknad om serveringsløyve og skjenkeløyve	
10/2014	Søknad om serveringsløyve og skjenkeløyve for alkohol gr. 1,2 og 3 – Unntatt etter offentlighetsloven Offl. §13, jfr. Fvl § 13, ledd nr. 1	
11/2014	Vidare godkjenning av Gol barnehage avdeling Fagerlund fram til nedlegging juli 2014	
Delegert	1/2014 – Gol idrettslag – søknad om tilskot til idrettens dag	
Delegert	2/2014 – Kyrkjemusikkomiteen i Gol & Herad – søknad om arrangementstilskot til julekonserten «Til Betlehem»	
<u>Mars-møtet – 19.03.2014</u> (klikk deg inn på aktuell dato)		
12/2014	Forvaltningsrevisjonsrapport Gol helsetun	Vert behandla i Kommunestyret
13/2014	Ny godkjenning av Vesterhuset barnehage med fire avdelinger	
14/2014	Styringsdokument for organisering av 17. mai i Gol kommune	Vert behandla i Kommunestyret
15/2014	BuskerudMuseene – Godkjenning av driftsavtale og val av rådsmedlem	Vert behandla i Kommunestyret
16/2014	Orientering om planlagte aktivitetstitlak i planlagt universell utforma turløype i Hallingmoområdet	Orienteringssak
17/2014	Vegnamn – veg 2450 – privat veg frå Søre Øygardsvegen til Hodnungset og Svartebråten	
18/2014	Vegnamn – veg 2460 – privat veg frå Søre Øygardsvegen ved Trandheim og opp til Engesethøgda	
19/2014	Overføring av elevar frå Herad til Gol skole	
20/2014	Hallingmo – Storleik og plassering idrettshall	
<u>Mai-møtet – 07.05.2014</u> (klikk deg inn på aktuell dato)		
21/2014	Vegnamn - privat veg frå nordre Øygardsvegen til Hodnungset og Svartebråten - ny behandling av namneforslag	Vedtak i UKL-sak 14/2014 vert oppretthalde

Sak	Saka gjeld	Årsak til avvik/kommentarar
22/2014	Vegnamn - veg nr. 1308 til Habbeset stølslag - Habbesetvegen	
23/2014	Vegnamn - namnesetting av sidevegar til Tuppbekogvegen	
24/2014	Vegnamn - namnesetting av FV 213 (veg nr. 2510), samt sideveg til Hovin - vegnr. 2515	
25/2014	Drift av skolekorps i Gol	Vert behandla i Kommunestyret
26/2014	Kontor og personalfasilitet i tenestområdet til utviklingshemma	Arbeid satt i gong
27/2014	Hallingdal Nevamat og Krabu - søknad om serveringsløyve	
28/2014	Gol Bensin & Service - søknad om serveringsløyve	
29/2014	Jafs Grill og Pizza Noresund - søknad om serveringsløyve	
30/2014	Fastsetjing av gebyr for sal av alkoholhaldig drikk 2014	Vert behandla i Kommunestyret
31/2014	Fastsetning av gebyr for skjenking av alkoholhaldig drikk 2014	Vert behandla i Kommunestyret
32/2014	Søknad om skjenkebevilling, Kjersti's Mat og Vinhus	
Juni-møtet – 04.05.2014 (klikk deg inn på aktuell dato)		
33/2014	Framtidig barnehagestruktur i Gol kommune - økonomiske konsekvensar og investeringar med ulike modeller	Utsett
34/2014	Bustader og velferd	Skal vurderast i samband med handlingsplan 2015 - 2018
35/2014	Tilskot til lokale og regionale organisasjonar 2014	
36/2014	Søknad om skjenkebevilling, Skysskroa AS	
37/2014	Vegnamn - vidareføring av namnet Haugaplassvegen frå Nes kommune til søre og nordre Rennsla i Gol kommune - vegnr. 2505	
38/2014	Vegnamn - FV 224 Robru - Fuglehaugen (veg 2400) og sidevegar	
39/2014	Inneklimatemåling - Gol bibliotek	Til etterretning, oppgåver til Gol Byggdrift KF og styringsgruppe 2 - Hallingmoprojektet
40/2014	Årsmelding 2013 - Gol kommune	Vert behandla i Kommunestyret
August-møtet – 27.08.2014 (klikk deg inn på aktuell dato)		
41/2014	Justering av budsjettet for kjøkkenet Gol helsetun - utviding av faste heimlar	Vert behandla i Kommunestyret
42/2014	Tilstandsrapport for grunnskolen i Gol 2013	Til orientering
43/2014	Gol Kebabish AS - søknad om serveringsløyve	
44/2014	LinOmega AS - søknad om serveringsløyve	
45/2014	Søknad om skjenkebevilling, Cafe Ceylon AS	Utsett
46/2014	Oppretting av heimlar i helsehjelp i heimen - unntatt etter offentlegheitsloven Offl. § 12, jfr. Fvl § 13	Vert behandla i Kommunestyret

1. D - Oppfølging av vedtak i utval for natur og næring (UNN)

- Gjennomført frå Gol si side – kan vere kommentarar
- Ikkje gjennomført, ikkje kritisk – med kommentarar
- Ikkje gjennomført, kritisk – med kommentarar

Sak	Saka gjeld	Årsak til avvik/kommentarar
<u>Januar-møtet – 21.01.2014</u>		
1/2014	Hallingmo områderegulering – ny behandling og nytt offentlig ettersyn	Sak sendt attende til administrasjonen – se UKL-sak 13
2/2014	Gnr. 13, bnr. 55 – Anmodning om ny handsaming av dispensasjonssøknad	5-2 –vedtak om at saka ikkje skal takast opp til ny behandling
3/2014	Gnr. 20, bnr. 11 – Klage på vedtak i sak 62/13 i UNN – deling av landbrukseiendom	5-2-vedtak om å oppretthalde vedtak, klaga vert sendt Fylkesmannen i Buskerud
4/2014	Framlegg til beitebruksplan for Gol kommune, høyring	Plan lagt ut til høyring, utvalet skal vurdere høyringsuttaler
5/2014	Høyringsuttale fjerning av priskontroll	5-2-vedtak om å gje uttale om å <u>ikkje</u> oppheve priskontrollen ved erverv av landbrukseiendom
6/2014	Vikojordet og deler av Storøyne - utbyggingsavtaler	Uttale til sak som skal til vedtak i kommunestyret
<u>Februar-møtet – 18.02.2014</u>		
7/2014	Forsøksordning med etablering av snøscooterløyper i Gol kommune - Stadfesting av forskrift	Vert behandla i Kommunestyret
8/2014	Reguleringsplan for Oset hyttefelt del II, 1. gangs behandling	
9/2014	Gnr. 14, bnr. 485 – Saksframlegg: Søknad om dispensasjon frå områdereguleringsplan Gol sentrum vest – bruksendring av 6 bustadeiningar til fritid	
10/2014	Reguleringsplan for Nerebekken K2 - 2 gangs behandling og sluttbehandling	
11/2014	Gnr. 9, bnr. 94 – Spørsmål om klagerett på tidlegare vedtak: Dispensasjon for oppføring av garasje, Sentrumsvegen 38	
12/2014	Status planarbeid 2014 – status pr. 4. februar	
13/2014	Hallingmo områderegulering – ny behandling	
<u>Mars-møtet – 18.03.2014</u> (klikk deg inn på aktuell dato)		
14/2014	Detaljplan for deler av Østre Einarset, K1 – 1. gangs behandling	Venter på oppdatert planmateriale frå konsulent
15/2014	Reguleringsplan for Sagtomta – 1. gangs behandling	Ute på off. ettersyn – frist 10.7
16/2014	Forslag til utbyggingsavtale Hemsedal Golf Alpin F11	Vert behandla i Kommunestyret
17/2014	Gnr. 25, bnr. 338 – Søknad om dispensasjon for terrengoppfylling ved oppføring av hytte Guriset	
18/2014	Gnr. 23, bnr. 202 – Søknad om fritak for behandlingsgebyr: Dispensasjon for omlegging av veg og etablering av modellflybane	
19/2014	Gnr. 23, bnr. 202 – Dispensasjon for ny veg til Klanten Flyplass og modellflybane	
20/2014	Omorganisering av tekniske avdelinger og Gol Byggedrift Kommunalt Foretak	Vert behandla i Kommunestyret
21/2014	Søknad om bruk av isbanen på Tisleifjorden – Dispensasjon frå reguleringsplan	Saka vart trekt

Sak	Saka gjeld	Årsak til avvik/kommentarar
22/2014	Søknad om motorferdsel i samband med Slarverennet 2014 – Gol og Hemsedal Røde kors	
April-møtet – 1.4.2014 (klikk deg inn på aktuell dato)		
23/2014	Gnr. 29, bnr. 19 – Søknad om dispensasjon frå Tek 10 §12-15 – dører, Hallingmo	
April-møtet – 23.4.2014 (klikk deg inn på aktuell dato)		
24/2014	Hallingmo områderegulering – 2. gangs behandling og sluttbehandling	Vert behandla i kommunestyret
Mai-møtet – 06.05.2014 (klikk deg inn på aktuell dato)		
25/2014	Gnr. 9, bnr. 94 - søknad om endring av tiltak: garasje, Sentrumsvegen 38	Vilkår
26/2014	Gnr. 12, bnr. 1 - Søknad om dispensasjon for etablering av buening i driftsbygning – Kamben	Administrasjonen må iverksette sak om ulovlighetsoppfølring
27/2014	Hemsedal Golf Alpin F11 - 2. gangs behandling og sluttbehandling	
28/2014	Nystølfjellet AS - Reguleringsendring i Utforming og Utnytingsgrad	Delegert til adm. å kvalitetssikre endringar før offentleg ettersyn
29/2014	Beitebruksplan for Gol kommune	Vert behandla i kommunestyret
30/2014	Framlegg til Næringsplan i Gol kommune, høyring	Framlegg sendt ut til høyring
31/2014	Gnr. 14, bnr. 67 - Søknad om dispensasjon frå vedtatt områderegulering for Gol Sentrum Vest, oppføring av næringsbygg	
Juni-møtet – 03.06.2014 (klikk deg inn på aktuell dato)		
32/2014	Gnr. 14, bnr. 373 - Søknad om dispensasjon for bustadprosjekt i Gymnasvegen	Vilkår
33/2014	Reguleringsplan Skagahøgdi - 1. gangs behandling	
34/2014	Hemsedal Gol Alpin - reguleringsendring - område H1-H3 - Hemsedal hyttetomter	
35/2014	Status planarbeid 2014 – status pr. mai 2014	Til orientering
36/2014	Hovudplan vassforsyning Gol kommune 2014 – 2023	Lagt ut til offentleg høyring
37/2014	Hovudplan for avløp og vassmiljø - 2014 – 2023	Lagt ut til offentleg høyring
38/2014	Årsmelding 2013 - Gol kommune	
August-møtet – 26.08.2014 (klikk deg inn på aktuell dato)		
39/2014	Mål og retningslinjer for forvaltning av elg og hjort i Gol kommune	
40/2014	Gnr. 12, bnr. 1 - Søknad om uttak av massar, Øvre Åsgardane	Vilkår
41/2014	Gnr. 24, bnr. 23 - Søknad om dispensasjon for uttak av masser, Åsgardane	Vilkår
42/2014	Gnr. 12, bnr.2 - Søknad om dispensasjon for oppføring av fritidsbustad	
43/2014	Gnr. 12, bnr 1 - Ilegging av overtredelsesgebyr i samband med oppføring av driftsbygning, Kamben	
44/2014	Gnr. 9, bnr. 94 - Søknad om endring av tiltak: garasje Sentrumsvegen 38, klage på vedtak	Sendt over til Fylkesmannen
45/2014	Nystølfjellet AS - reguleringsendring, 2 gangsbehandling og sluttbehandling	Vilkår, jfr. også delegeringsreglementet
46/2014	Søknad om mindre endring av reguleringsplan for Auenhauglie stølslag - deler av felt H4	
47/2014	Reguleringsplan for Oset hyttefelt del II, 2 gangs behandling og sluttbehandling	Vert behandla i Kommunestyret
48/2014	Utbyggingsavtale Oset hyttefelt del II	Vert behandla i Kommunestyret
49/2014	Mindre vesentleg reguleringsendring § 12-14 – Habbeset	

Sak	Saka gjeld	Årsak til avvik/kommentarar
50/2014	Reguleringsendring - Leirhaugen . Jfr. § 12-14 i plan og bygningslova	
51/2014	Heslaledningen I og II - Avslutting av prosjekt.	Vert behandla i Kommunestyret
52/2014	Status planarbeid 2014 - Status per august 2014 til UNN-møte 26. august	Orientering
53/2014	Gnr. 14, bnr. 67 - Klagesak: Søknad om dispensasjon frå vedtatt områderegulering for Gol Sentrum Vest	Sendt over til Fylkesmannen

2. Fråvær – avvik pr. periodetidspunkt – tiltak

Fråvær er for 2. kvartal (april – juni)

- Mindre enn 4 % fråvær: Ingen særskilte tiltak naudsynleg
- Mellom 4 % og 8 % fråvær: Kommentar naudsynleg
- Meir enn 8 % fråvær: Tiltak må settast i verk – kommentar naudsynleg

Avdeling	Avdelingsnavn	Avvik/kommentarar
20	Sekretariat, rådmann, skolefagleg rådgjevar samt tenestetorg	- Sjå eige kommentar
21	Løns- og personalavd.	- Sjå eige kommentar
22	Økonomiavdelinga	- Sjå eige kommentar
24	Kommuneplanleggar (ingen tilsette)	
27	Gol skole	
28	Herad skole	- Sjå eige kommentar
29	Gol ungdomsskole	
30	Læringscenteret Gol	
31	Gol barnehage	
32	Helseavdelinga	- Sjå eige kommentar
35	Kulturavdelinga	
36A	Omsorg – institusjon	- Sjå eige kommentar
36B	Omsorg – helsehjelp i heimen	- Sjå eige kommentar
36C	Omsorg – funksjonshemma	- Sjå eige kommentar
41	Utbyggingsavdelinga	
42	Næringsavdelinga	
43A	Kommunalteknisk – eks. VAR	
43B	Kommunalteknisk – VAR	- Sjå eige kommentar
ØVRIGE:		
2410	IKT Hallingdal	- Sjå eige kommentar
8330	NAV Hallingdal (Gol)	

Generelt om fråvær

Fråvær kostar pengar og er ressurskrevjande for den som må skaffe vikar og frå avdelingar som må nytte vikar/overtid for å halde seg innafør lovverk og føresetnader sett av Kommunestyret.

Viktig: Reduksjon av sjukefråværet er reduserte utgifter – frå dag 1.


Utfordringane er ressursar til å skaffe vikar, kva for vikar ein nyttar, overtid m.v.

Eit samleomgrep for å kunne kontrollere dette er «ressursstyring», enten i form av gode rutinar eller ved bruk av tilgjengeleg verktøy.

Generelt om fråvær for. 2. kvartal 2014

Det rapporterte totale fråværet pr. 1. kvartal 2014 er 6,4 %, tilsvarande tal for same periode tidlegare år var hhv. 6,5 % (2013) og 4,9 % (2012). Korttidsfråværet pr. 1. kvartal er 1,8 % - marginalt høgare enn tilsvarande periode i 2013 og 2012.

Det ser ut til å vere ein trend at fråværet på vinteren er høgare enn på sommaren.

Avvik – nærvær og tiltak

- Avd. 20 – Sekretariat og tenestetorg samt rådmann og skolefagleg rådgjevar. Fråværet gjeld langtidssjukefråvær og blir følgd opp. Konsekvensar for drift og produksjon.
- Avd. 21 – Løns- og personalavdelinga. Fråværet er ikkje arbeidsrelatert, Interne løysingar i fråværsperioden.
- Avd. 22 – Økonomiavdelinga. Fråværet får konsekvensar for produksjonen, men blir løyst internt.
- Avd. 28 – Herad skole. Fråværet er relatert til langtidssjukemelding og under kontroll.
- Avd. 32 – Helseavdelinga. 3 fagområder har hatt sjukemeldte av diverse omstende. Leiinga har oversikt og tiltak er iverksett der det er aktuelt.
- Avd. 36A – Omsorg - institusjon
 - Merkantilt personell – 25,4 % langtidsfråvær – alle tilbake i september
 - Kjøkken – 4,6 % totalt fråvær, alt knytt til korttidsfråvær – under kontroll.
 - Natt-teneste – 15,8 % fråvær, både korttidsfråvær og langtidsfråvær - under oppfølging – tilrettelegging om mogeleg
 - Institusjon – 11,0 % fråvær, i hovudsak langtidsfråvær med tett oppfølging
- Avd. 36B – Omsorg – Helsehjelp i heimen – (avd.leiar peiker på at statistikken har ein risiko for feil då vikarar og ekstrahjelp ikkje er rekna med). Fråværet er på 9,3 %, langtidsfråværet er på 7,3 %, ein del slitasjeskadar. Avdelinga har oversikt over forholdet.
- Avd. 36C – tenester til funksjonshemma
 - Konsulent for funksjonshemma (fleire tilsette) – fråværet er 0,7 % (reduert frå 8,0 % fyrste kvartal)
 - Tenester til funksjonshemma – (avd.leiar peiker på at statistikken har ein risiko for feil då vikarar og ekstrahjelp ikkje er rekna med).har eit registrert fråvær på 9,4 % - langtidsfråværet er 6,6 %. Avdelinga jobbar med fråværet kontinuerleg mellom anna saman med HAVA og NAV IA. I tillegg blir det jobba internt mot personalgruppa og leiarane for å finne årsakssamanhengar.

- Avd. 43B – Kommunalteknisk – VAR-området
Avdelinga er relativt liten og sjølv korte fråvær gjer seg store utslag. Fråværet er ikkje knytt til arbeidet og er under kontroll.
- Avd. IKT Hallingdal. Positiv utvikling når det gjeld fråvær og er under kontroll.
- Avd. NAV – Gol/Hemsedal. Avdelinga er liten og eit fråvær merkast særst. Avdelinga har kontroll, men fråværet går ut over produksjonen.

Rådmannen sin konklusjon

Totalt var det eit fråvær 2.dre kvartal på 6,4 %. Av dette var 1,8 % kortsiktig fråvær og 4,6 % langsiktig fråvær.




Rådmannen peika i fyrste tertialrapport på at fråværet verkar betydeleg høgare tidleg på året enn resten av året (gjeld både 2014 som tidlegare), særleg gjeld dette korttidsfråværet. Statistikken bekreftar for så vidt dette. Leiinga må sette inn tiltak for å halde fokuset på nærvær – at dei tilsette må komme på jobb så sant mogeleg.


























Ev. ressursstyringsprogram vil ikkje utan vidare gje seg utslag i lågare fråvær, men vil kunne bidra til redusert arbeidsbelastninga for dei andre samt for dei som må skaffe personell ved sjukdom og fråvær.

Andre tiltak for å følgje opp langtidsfråværet blir sett i verk frå avdelingane i h.h.t. IA-avtala.

3. Økonomisk status pr. dato – avvik og tiltak

a) Løn korrigert for refusjon sjukeløn

	Under kontroll
	Under kontroll, men med tiltak
	Tiltak naudsynleg, kommentar naudsynleg

Avdeling	Avdelingsnavn		Avvik/kommentarar
20	Sekretariat, rådmann, skolefagleg rådgjevar samt tenestetorg		
21	Løns- og personalavd.		
22	Økonomiavdelinga		
23	IKT Gol (ingen tilsette)		
24	Kommuneplanleggar		
25	Skolefagleg rådgjevar		
27	Gol skole		
28	Herad skole		- Sjå eige kommentar
29	Gol ungdomsskole		
30	Læringscenteret Gol		
31	Gol barnehage		
32	Helseavdelinga		
35	Kulturavdelinga		
36A	Omsorg – institusjon		- Har hatt innleige frå vikarbyrå
36B	Omsorg – helsehjelp i heimen		- Sjå eige kommentar
36C	Omsorg – funksjonshemma		- Sjå eige kommentar
41	Utbyggingsavdelinga		- Sjå eige kommentar
42	Næringsavdelinga		- Sjå eige kommentar
43A	Kommunalteknisk – eks. VAR		- Avvik skuldast endra fordelingsnøkkel med 43B
43B	Kommunalteknisk – VAR		- Avvik skuldast endra fordelingsnøkkel med 43A
ØVRIGE:			
8120	Skatteoppkreveren i Hallingdal		
8330	NAV Hallingdal (Gol)		- Sjå eige kommentar
8311	Miljøretta helsevern		
8420	Hallingdal Etablerersenter		
2410	IKT Hallingdal		- Sjå eige kommentar

Generelt om løn

I utgangspunktet kan ein seie det slik at om budsjett-tala er rett, budsjettet balanserar og ein har kontroll på løn i kommunen, så har ein god kontroll på utgiftene. Avvik sjåast opp mot både budsjett og rekneskap same periode 2013. Løn er ikkje periodisert i budsjettet, men er berekna og rapportert på i høve til budsjett. Inntekter for sjukeløn og svangerskap nøytraliserer ev. meirforbruk.

Generelt pr. 2. tertial 2014

Det rapporterte forbruket av løn er under kontroll, med einskilde avvik (gjeld også mindreforbruk).

Avvik – løn

Avvik




- Avd. 28 – Herad skole – avvik skuldast kontrollert avvik i høve til budsjett for spes.ped-løyving. Det vil hausten 2014 bli gjort ei justering av budsjett for Herad skole mot Gol skole (innsparinga som vart rekna ved at Herad skole vart avdeling under Gol skole vart lagt på Gol skole).
- Avd. 36B – Helsehjelp i heimen – har eit meirforbruk av løn. Dette heng saman med konkrete tilfeller og det er laga budsjettjusteringssak som vil rette opp situasjonen, vonaleg.
- Avd. 36C – Funksjonshemma. Det er eit meirforbruk på løn av forskjellige årsaker. Noko av meirforbruket har inntekt på anna kapittel og noko har samanheng med både suspensjon og samt høgt sjukefråvær – også blant ekstrahjelparane.
- Avd. 41 – Utbyggingsavdelinga har som vanleg lågare lønskostnadar enn budsjettet, men nyttar midlane til innleigd hjelp.
- Avd. 42 – Næringsavdelinga. Noko meirforbruk, men marginalt og er under kontroll.
- Avd. 43A og 43B – Kommunalteknisk avdeling – vei og kommunalteknisk avdeling - VAR. Det har vore ei fordeling av tidsbruk mellom avdelingane og desse er ikkje justert i budsjettet pr. i dag.
- Avd. IKT Hallingdal – Noko vakansar gjer at forbruket er lågare enn prognose
- Avd. NAV Gol/Hemsedal – mindreforbruk heng saman med sjukefråvær og refusjon for dette.



























Rådmannen sin konklusjon:

Omsorgsavdelinga følgjast særskilt månad for månad og blir rapportert til UKL straks etter lønskøyning kvar månad.

Også alle dei andre avdelingane følgjast opp månadleg, men dette blir gjort administrativt.

b) Andre kostnader

	Under kontroll
	Under kontroll, men med tiltak
	Tiltak naudsynleg, kommentar naudsynleg

Avdeling	Avdelingsnavn		Avvik/kommentarar
20	Sekretariat, rådmann, skolefagleg rådgjevar samt tenestetorg		
21	Løns- og personalavd.		
22	Økonomiavdelinga		
23	IKT Gol		
24	Kommuneplanleggar		- Budsjettmidlar nyttast til kjøp av konsulent, men er overskride pr. august.
25	Skolefagleg rådgjevar		
27	Gol skole		- Sjå eige kommentar
28	Herad skole		- Sjå eige kommentar
29	Gol ungdomsskole		
30	Læringsenteret Gol		
31	Gol barnehage		
32	Helseavdelinga		
35	Kulturavdelinga		
36A	Omsorg – institusjon		- Sjå eige kommentar
36B	Omsorg – helsehjelp i heimen		- Sjå eige kommentar
36C	Omsorg – funksjonshemma		
41	Utbyggingsavdelinga		
42	Næringsavdelinga		- Noko meirforbruk, men under kontroll
43A	Kommunalteknisk – eks. VAR		
43B	Kommunalteknisk – VAR		
ØVRIGE:			
8120	Skatteoppkreveren i Hallingdal		
8330	NAV Gol/Hemsedal (Gol)		Sjå eige kommentar
8311	Miljøretta helsevern		- Sjå eige kommentar
8420	Hallingdal Etablerersenter		
2410	IKT Hallingdal		- Innkjøpsstopp
3350	Barnevernet		

Generelt:

Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal tenesteproduksjon vil normalt ha variasjonar gjennom året.

Ettersom Gol kommune praktiserer netto-budsjettering, så må ein ta med heile bilete, både inntekter og utgifter. Det følgjer med eit vedlegg som gir eit oversyn på grovt nivå. Ut frå desse er alle postar under kontroll. (Det gjeld også løn inkl. fast-løn – som er den aller største posten).

Sjå elles vedlegg A

Kommentar – andre kostnader

- Avd. 27 – Gol skole. Uføresette kostnader til fosterheimplassering og refusjon til andre kommunar for opplæring. Nokre kommunar har mykje høgare kostnader til opplæring og kan sende refusjonskrav etter sine kostnader.
- Avd. 28 – Herad skole – har nytta særskilde midlar for fyrste halvår. Dette er rådmannen sitt ansvar fram til 1.8. Rektor ved Gol skole har satt i gong tiltak, men meirforbruket er reelt og vil ikkje bli dekkja inn ved meir budsjettmidlar.
- Avd. 36A – Institusjon. Budsjettet er på det næraste brukt opp og skuldast ymse faktorar, men i hovudsak bruk av vikarbyrå. Dette igjen har for ein del samanheng med sjukefråvær og høgare refusjon frå NAV.
- Avd. 36B – Helsehjelp i heimen. Kjøp av tenester har meirforbruk og skuldast kjøp av langtidssjukeheims plass på Nesby en (avslutta pr. oktober). Vurdering av om dette skal først mot institusjon.
- Ansvar 8311 – Miljøretta helsevern. Gol kommune sin del av kostnaden er om lag 150.000. Dette er å rekne som ordinært kjøp frå interkommunalt tiltak som skal belastast helseavdelinga. Kostnaden er ikkje budsjettert, men reknast under kontroll totalt sett.

Avvik – andre kostnader

- Ansvar 8330 – NAV. Det er ei kraftig auke i økonomisk sosialhjelp, både i høve til i fjor og i høve til budsjett for 2014. Tiltaket om aktivitetsplikt er enda meir aktualisert, men søkjar som blir stilt krav til må også ha eit reelt tilbod – dette er ei felles utfordring. Budsjettjusterings sak i oktober vil rette opp noko, om det blir eit positivt vedtak.

Rådmannen sin konklusjon

Den raude markeringane gjeld NAV – økonomisk sosialhjelp. Raud markering betyr at ein vanskeleg kan sjå at det kan gjerast strakstiltak for å rette opp situasjonen. Rådmannen ventar at avdelinga gjer dei tiltaka som er mogeleg for å få sett i gong aktivitetsplikt. Det er også rutinar internt som må betrast for å få hurtigare oppdatering av tal frå sosial-systema til rekneskapssystema.

Rådmannen ber avdelingane sjå om det er nokre oppgåver som kan løysast i samarbeid med NAV og aktivitetsplikt. Rådmannen veit det er utfordringar med slike ordningar og at ein kan hende må nytte meir ressursar til å følgje opp i ein periode. Det handlar likevel om å sjå ting i samanheng.

Rådmannen vil administrativt gjere budsjett-endingar mellom følgjande einingar:

- Fagerlund barnehage – restbudsjett overført til Vesterhuset barnehage
- Berekna budsjett for Herad skole blir justert ned til forventa budsjett for 2014 og tilsvarande auka ved Gol skole (reduksjon i budsjett ved budsjett-behandlinga vart ført på Gol skole)

c) Inntekter

REDUKSJON I RAMMETILSKOT OG SKATTEINNTEKTER

Det mest alvorlege når det gjeld inntekter er at dei tala som vart lagt inn for skatteinntekter og rammetilskot har endra seg fire gonger sidan budsjett-grunnlaget vart utarbeidd og tre gonger sidan budsjettet vart vedteke – siste gong i midten av mai 2014. Budsjettprognosen for skatt på formue og inntekt og rammetilskot er no rekna til 2,6 mill. kroner mindre enn i vedteke budsjett. Samstundes er det også andre inntekter som kan justerast opp og konsekvensane er ikkje dramatiske for 2014.

Det er laga sak om budsjettjustering som tek med seg desse forholda. Denne saken vil bli behandla av kommunestyret i oktober.

Det er også ein del rutinar som må betrast når det gjeld sending av refusjonskrav, særleg når dei vert sendt utanfor faktura-systemet til kommunen. Ein del interkommunalt samarbeid der kommunen skal ha refusjon frå andre kommunar har særskilt fokus. Periodisering av inntekter vil få ei gjennomgang for å få betre rutinar.

d) Investeringar

Investeringsrekneskapen syner at kommunen pr. august har nytta netto 14,9 mill. kr. av eit budsjett på 73,65 mill. kr. Men det er frå september at rekningane ved utbygging av den nye skolen vil komme og no kjem fakturaene raskt og dei er store.

Det vil bli gjort ei periodeavslutning for finansiering pr. oktober 2014.

Det blir utarbeidd eigne oversyn som vert sendt til avdelingane, men førebels er det ingen indikasjonar på avvik som må rapporterast.

Rådmannen sin konklusjon

Rådmannen har ingen kommentarar til punktet pr. andre tertial 2014.

e) Finansiering – bruk og avsetning til fond

Bruk av fond vert følgd opp særskilt. Dette vil i 2014 gjerast pr. oktober som ei førebels årsavslutning for å finne avvik så tidleg som mogeleg.

Rådmannen sin konklusjon

Rådmannen har ingen kommentarar til punktet pr. andre tertial.

f) Balanse – vurdering av uteståande fordringar, fondsmidlar m.v.

Arbeidet med uteståande fordringar skjer kontinuerleg og målet er å få redusert uteståande beløp og i verste fall få avskrive som uinndriveleg det som openbart blir vanskeleg få kravd inn. Ein del ekstra tiltak er satt i gong og vi vonar at dei vil føre fram.

Arbeidet skal også føre til at avdelingane blir følgd opp betre og at dei blir meir klare på kva dei skal gjere når ein kunde begynner å misleghalde sine fakturaer.

4. Tenesteyting – målsetting – avvik og tiltak

- Avdelinga har ingen kommentarar
- Avdelinga har avvik, inga behov for tiltak, men må kommenterast
- Avdelinga har avvik, behov for tiltak, må kommenterast

Avdeling	Avdelingsnavn		Avvik/kommentarar
20	Sekretariat, rådmann, skolefagleg rådgjevar samt tenestetorg		
21	Løns- og personalavd.		
22	Økonomiavdelinga		
23	IKT Gol (ingen tilsette)		
24	Kommuneplanleggar		
25	Skolefagleg rådgjevar		
27	Gol skole		
28	Herad skole		
29	Gol ungdomsskole		
30	Læringscenteret Gol		
31	Gol barnehage		
32	Helseavdelinga		- Sjå eige kommentar
35	Kulturavdelinga		
36A	Omsorg – institusjon		- Sjå eige kommentar, både gul og raud merking
36B	Omsorg – helsehjelp i heimen		- Sjå eige kommentar
36C	Omsorg – funksjonshemma		- Sjå eige kommentar
41	Utbyggingsavdelinga		- Sjå eige kommentar
42	Næringsavdelinga		
43A	Kommunalteknisk – eks. VAR		- Asfaltering utsett – høg pris på motteke anbod
43B	Kommunalteknisk – VAR		
ØVRIGE:			
8140	IKT Hallingdal		- Sjå eige kommentar
8330	Nav Hallingdal (Gol)		

Kommentar – tenesteyting

- Avd. 32 – Helseavdeling
 - Redusert drift på Friskliv som følge av sjukefråvær – prioritert frisklivsentralen, helsesamtaler og gruppetrening.
 - Prosjektmidler tildelt til prosjekt «Ungdomslosen». Har også kjøpt tenester utanfor kommunen som strakstiltak.
 - Avdelinga har motteke prosjektmidler til helsestasjon for skolehelseteneste på vidaregåande skole
 - MOT-instruktør blir ikkje erstatta ved helsestasjonstenesta, men forsøker andre tiltak i samarbeid med skolene.
 - Rapport «Ungdata for Gol og Hallingdal med vidaregåande skoler» blir lagt fram for tverrfaglege fora og UKL. Bør også presenterast for Kommunestyret

Avvik – Tenesteyting

- Avd. 36A – Omsorg institusjon
 - Manglar autorisert sjukepleiar – dette førar til bruk av vikarbyrå
 - Bemanningsplan / turnus har ikkje teke omsyn til bebuarane sitt pleiebehov eller korleis samhandling og kommunikasjon med fysioterapeuter, sjukehus, legar og heimetenesta påverkar arbeidsoppgåver og bemanningsbehov.
 - Stort behov for tettare oppfølging og meir spesialiserte og koordinerte tenester hos fleire brukarar/pasientar krev meir autorisert helsepersonell.
 - Avvik frå Fylkesmannen – vurdering av samtykkekompetanse (tiltak er sett i verk)

Tiltak: Auka bemanning av sjukepleiarar reduserer sårbarhet og gir større fleksibilitet ved sjukdom/fråvær, samt betre og sikrere tenester til brukarane samt redusert bruk av vikarbyrå.




- Avd. 36B – Omsorg – Helsehjelp i heimen
 - Ein jamn straum av utskrivingsklare pasientar med nye brukarar med mindre og større behov. Ei stor belastning for områdeleiar som skal sørge for logistikk og koordinering til ei kvar tid.
- Avd. 36C – Omsorg funksjonshemma
 - Aukande behov etter tenester blant unge med funksjonshemming, m.a. kommunal avlastning i helger. Eit par vaksne brukarar har mista tidlegere dagtilbod hjå andre og treng difor kommunalt tilbod.
- Avd. 41 – Utbyggingsavdelinga
 - Stor aktivitet (som er bra) både når det gjeld hytter og bueiningar. Særleg mange tilbygg og påbygg. 11 planar under arbeid. Fortsatt tendens til svært mange reguleringsendringar etter nyleg vedteken plan. 4 klagesaker til Fylkesmannen. Markant auke i utsleppssaker – private avløp.























Rådmannen sin konklusjon

Rådmannen vil be avdelingar som peiker på behov for samhandling med andre avdelingar å arbeide målretta saman med dei andre avdelingane for å løyse utfordringane til beste for brukarane – rådmannen må vere med i arbeidet dersom felles løysingar er vanskeleg å få til.

Endringar i brukargruppene vil alltid endre seg og avdelingane må uansett løyse desse innfor budsjettamma.

5. Personalforhold og HMS

-  Ingen rapporterte forhold
 Rapporterte forhold – ingen eksterne tiltak – kommentar naudsynleg
 Rapporterte forhold – eksterne tiltak – kommentar naudsynleg

Avdeling	Avdelingsnavn		Avvik/kommentarer
20	Sekretariat, rådmann, skolefagleg rådgjevar samt tenestetorg		
21	Løns- og personalavd.		
22	Økonomiavdelinga		
23	IKT Gol (ingen tilsette)		
24	Kommuneplanleggar		
25	Skolefagleg rådgjevar		
27	Gol skole		- Sjå eige kommentar
28	Herad skole		- Sjå eige kommentar
29	Gol ungdomsskole		
30	Læringscenteret Gol		
31	Gol barnehage		- Sjå eige kommentar
32	Helseavdelinga		
35	Kulturavdelinga		
36A	Omsorg – institusjon		- Sjå eige kommentar
36B	Omsorg – helsehjelp i heimen		- Sjå eige kommentar
36C	Omsorg – funksjonshemma		- Sjå eige kommentar
41	Utbyggingsavdelinga		
42	Næringsavdelinga		- Sjå eige kommentar
43A	Kommunalteknisk – eks. VAR		
43B	Kommunalteknisk – VAR		
ØVRIGE:			
8140	IKT Hallingdal		
8330	Nav Hallingdal (Gol)		

Kommentar – Personalforhold og HMS

- Avd. 27 – Gol skole.
 - Miljøretta helsevern godkjenner ikkje Glitrehaug som skolebygg (særleg manglande aktivitets- og leikeareal inne). Ikkje søkt om mellombels dispensasjon etter vedtak om bygging av ny skole.
 - Kontakt med miljørette helsevern om tiltak i dei rom som har for høge radonmålingar.
 - På avdeling Herad er det eit ope avvik som gjeld vedlikehald ventilasjonsanlegg. Avvik rapportert vidare til Gol Byggdrift KF.
- Avd. 31 – Gol barnehage.
 - Mangel ved eit ventilasjonsanlegg har ført til dårleg luft – portar er ikkje forsvarleg sikra – rapportert til Gol Byggdrift KF
 - Etter vernerundar kom det fram stort behov for vedlikehald i fleire barnehagar

- Avd. 36A – Omsorg – institusjon. «Alt hengar saman med alt», jfr. kapittel 4 – tenesteyting.
- Arbeidskvardagen for sjukepleiarar/hjelpepleiarar er prega av tidsknapphet, travelhet, dårleg tid til den einskilde bebuar/brukar som førar til fysiske og psykiske belastningar – det er for få tilsette på jobb og sjukefråvær førar til ein negativ spiral.
Det er sett i verk ein del gode tiltak, m.a. ved hjelp av HAVA og NAV, samt at det er fokusert på rollar og forventningar hjå kvarandre og at leiinga forsøker å vere meir synleg i kvardagen.,
- Avd. 36B – Omsorg – helsehjelp i heimen. Systematisk arbeid med arbeidsmiljø. Ekstern hjelp er nytta for å betre arbeidsmiljøet og avdelingsleiari rapporterar at ein har fått vesentlege endringar. Ein tilsett vil prøve sak om anonym varsling i retten.
- Avd. 36C – Omsorg – funksjonshemma. Det store fråværet er kommentert tidlegare i rapporten, eit vedvarande høgt sjukefråvær er umogeleg å tåle og tiltak må settast inn. Det er også gjort i samarbeid med både HAVA bedriftshelseteneste og NAV.
Det er fortsatt ein suspendert medarbeidar i tenestområdet til utviklingshemma, denne saka er enda ikkje avslutta.
- Avd. 41 – Næringsavdelinga. Det er kaldt på kontora og tilsette frys. Huseigar informert.

Rådmannen sin konklusjon

Rådmannen peikar på at budsjettet er styringsredskapet og at dei økonomiske rammene ikkje gjer det mogeleg å kunne ha beredskap for ulike situasjonar som må oppstå i løpet av året. Vanskelege prioriteringar må gjerast konstant og det er eit leiaransvar å gjere desse prioriteringane.

6. Analyse av KOSTRA-tal

KOSTRA-tallene som vart nytta m.a. i årsmelding for 2013 er i stor grad dei tala som vil vere gjeldande for 2013. Gol kommune kan nytte desse i sine analysar. Normalt vil samanliknbare tal vere mogleg fyrst etter at reviderte tal er komne med, dvs. etter juni månad.

Administrasjonen har bedt om attendemelding frå det politiske nivå om kva for tal som er mest interessant å få analysert, men har ikkje registrert dette i særleg grad og må difor sjå på dei mest openbare avvika, både avvik der Gol kommune kjem særskilt positivt eller negativt ut. Endringar frå år til år vil vi også forsøke å analysere.

Rådmannen har lagt opp til ei eige referansegruppe, der tal på innbyggjarar, topografi og til ein viss grad geografi har blitt vektlagt.

Dei kommunane som Gol blir samanlikna med er – etter rådmannen sitt utplukk – er:

- Birkenes i Aust-Agder
- Bø i Telemark
- Froland i Aust-Agder
- Nes i Buskerud
- Nord-Aurdal i Oppland
- Vågå i Oppland
- Våler i Hedmark
- Øyer i Oppland
- Ål i Buskerud

Desse kommunane har fått ein førespurnad om dei kan gje grunndata til økonomiavdelinga. Dette arbeidet var meint gjort i sommar, men vart prioritert bort og vil bli gjort i meir rolege periodar.

7. Spesielle hendingar og informasjonar

Avdeling	Avdelingsnavn	Spesiell informasjon
24	Kommuneplanleggar	- Midlar vert nytta til innleige av konsulent
27	Gol skole	- Uvisst behov for spes. ped. tiltak ved einskildtilfelle – blir kartlagt
29	Gol ungdomsskole	- Ein del grove tjuveri og skole-PC'ar har blitt stole. Meldt til politi samt gjennomgang av rutinar på skolen
31	Gol barnehage	- Vesterhuset barnehage ferdigstilt 1.6.2014, med unnatak av utomhusområdet. Mykje hjelp av vaktmeistrar. Problem med akustikk etter utbygginga - I ettertid ser avdelinga at barnehagen burde ha vore stengt nokre dagar til sjølve flyttinga, mykje ekstraarbeid på deler av personalet.
32	Helseavdelinga	- Folkehelseplan er under utarbeiding – skal bli ferdig våren 2015 - Tilsetting av lege i 100% samt vikar i 50 % i samsvar med heimlar - 40 % stillingsheimel vil bli vurdert med andre løysingar - Sandaker er konstituert som kommuneoverlege og Vedvik som stedfortredar - Tilsetting 100 % ledig stilling psykisk helsevern - Tilsetting 2 x 100 % mellombels stillingar til ungdomslos-prosjekt (sjå nedanfor). - Søkt om og fått prosjektmidlar: <u>Ungdomslosen</u> – interkommunalt samarbeidstiltak til miljøarbeid i vidaregåande skole – innvilga 1,3 mill. kr. - <u>Helsestasjonsteneste for vidaregåande skule</u> – innvilga 300.000 kroner - <u>Prosjekt om seksuell helse for å unngå uønska svangerskap og abort</u> – innvilga 130.000 kroner - <u>Aktivitet for stønad</u> – samarbeid med NAV – innvilga 30.000 kroner - Søkt om og ikkje fått prosjektmidlar: - Kvardagsrehabilitering i samarbeid med heimetenesene - Foredrestøtta tiltak – ikkje motteke svar
36B	Omsorg – helsehjelp i heimen	- Avdelinga har leigd inn kvalifiserte vikarar frå vikarbyrå 6 veker sommaren 2014
41	Utbyggingsavdelinga	- Sak om ulovleghetsoppfølging etter plan- og bygningslova
42	Næringsavdelinga	- Arbeid med varmeplan førar til noko meir kostnader og tilsvarande med Mobrua friluftspark (avklara med rådmannen)

Avdeling	Avdelingsnavn	Spesiell informasjon
43B	Kommunalteknisk – VAR	- Kontorfunksjonen bruker for tida langt meir ressursar ein prognose

Rådmannen sin konklusjon

Perioderapportane er meint å vere avviksrapportar. Punktet om spesielle hendingar bør vere ein ventil for det som avdelinga elles ikkje greier å rapportere som avvik, men som avdelinga meiner er viktig å gje orientering om. I nokon grad vil slik orientering gjelde informasjon om manglande ressursar for å få gjort ein god nok jobb. God og ansvarleg politikk handlar om å prioritere blant gode føremål gitt dei økonomiske rammar som finst tilgjengeleg. God og ansvarleg leing handlar om det same – beinhard prioritering.

Det blir likevel opp til våre politikarar å bestemme kor detaljert dei ynskjer informasjon. Rådmannen er glad for innspel.

VEDLEGG A

Hoved-:	Hovedart - tekst	R 2014	B 2014	R/B - %	R 2013	B 2013	R/B - %
10	Lønn	161 879 354	251 800 000	64,3 %	157 152 904	246 702 000	63,7 %
12	Kjøp av varer og tenester	36 631 787	54 232 000	67,5 %	31 470 115	54 925 000	57,3 %
13	Kjøp av tenester	48 598 709	77 310 000	62,9 %	42 203 220	70 900 000	59,5 %
14	Tilskot og tilleggsløyvinger	13 271 964	22 957 000	57,8 %	13 920 603	20 792 000	67,0 %
	Totalt - driftskostnader	260 381 814	406 299 000	64,1 %	244 746 842	393 319 000	62,2 %
16	Sals- og leigeinntekter	-52 987 565	-68 702 000	77,1 %	-46 382 230	-63 867 000	72,6 %
17	Refusjonar og tilskot	-38 038 629	-72 566 000	52,4 %	-38 334 202	-66 139 000	58,0 %
18	Overføringer	-191 832 785	-276 723 000	69,3 %	-178 131 729	-264 386 000	67,4 %
	Totalt - driftsinntekter	-282 858 979	-417 991 000	67,7 %	-262 848 161	-394 392 000	66,6 %
	Finansutgifter						
15	Finansieringsutgifter	8 095 063	33 213 000	24,4 %	20 543 646	43 106 980	47,7 %
19	Finansieringsinntekter	-3 565 216	-21 521 000	16,6 %	-14 290 728	-42 033 980	34,0 %
	Netto - finansutgifter	4 529 847	11 692 000	38,7 %	6 252 918	1 073 000	582,8 %

Kommentarar

Data er henta frå heile rekneskapen, dvs. alle avdelingar, alle ansvar og tenester, alle prosjekt og artar. Rådmannen bad i 2013 økonomisjefen om eit utkast til å få plassert kostnadene meir logisk, men dette arbeidet er ein ikkje komme i mål med, dvs. det er ikkje prioritert høgt nok opp.. Inntil vidare blir difor hovudpostnivå nytta utan isolering for avsetning og bruk av fondsmidlar, sjølvkostområdet m.v.

Hovudpost	Hovudpost-tekst	Kommentar
10	Lønspostar	- Totalt for heile kommunen er forbruket nært budsjettprognose, særleg når ein tek høgde for at konsekvensane av lønsoppgjæret ikkje er lagt inn på rett post. Det er pr. 15.9 gjort vedtak som gjeld stillingar på omsorg og budsjettjustering vil rette opp mykje, men sak om budsjettjustering vil også komme. Det er store variasjonar mellom avdelingane
12	Kjøp av varar og tenester til kommunal teneste-produksjon	- Forbruksmønster er veldig forskjellig, år for år. Dette er førebels å sjå på som naturlege variasjonar, men avdelingar med mykje forbruk av årsbudsjettet har fått varsel.
13	Kjøp av tenester som erstattar kommuna tenesteproduksjon	- Ingen spesielle avvik som totalt sett betyr mykje for slutt-resultatet.
14	Tilskot og tilleggsløyvingar	- Ingen spesielle avvik som totalt sett betyr mykje for slutt-resultatet
16	Sals- og leigeinntekter	- Ingen spesielle avvik som totalt sett betyr mykje for slutt-resultatet

Hovudpost	Hovudpost-tekst	Kommentar
17	Refusjonar og tilskot	<ul style="list-style-type: none"> - Naturlege variasjonar i refusjon og tilskot – den største refusjonen veit vi ikkje før i februar 2015 - Inkluderer refusjon for sjukefråvær og svangerskapsperm. - Rådmannen vurderer ytterlegare bruk av periodisering for fleire inntekter
18	Overføringar	- I all hovudsak skatt og rammetilskot.
15	Finansieringsutgifter	<ul style="list-style-type: none"> - Budsjettet inkluderer fordelte utgifter som blir gjort ved årsavslutning, men som ein vurderer å periodisere - Budsjettet inkluderer renter og avdrag, renter vil kunne bli behandla noko spesielt som følgje av periodisering frå førre år - Budsjettet inkluderer avsetning til fond. Desse blir normalt avsett ved årsavslutning, men det vil vere ynskjeleg å gjere dette oftare
19	Finansieringsinntekter	<ul style="list-style-type: none"> - Budsjettet inkluderer fordelte utgifter som blir gjort ved årsavslutning, men som ein vurderer å periodisere – sjå kommentar under hovudpost 15 - Budsjettet inkluderer også bruk av fond. Rådmannen ynskjar periodisering

Rådmannen sin konklusjon

Oversynet og avvika som er nemnd er rekna som akseptabelt – totalt sett. Det som gjev størst grunn til uro er prognosane om reduksjon i frie inntekter (skatt og rammetilskot) som frå 2015 reduserer handlefridomen med om lag 3,6 mill. kroner. Om desse prognosane er meir sikre enn dei vi hadde i fjor er sjølvstusagt usikkert.

For 2014 meiner rådmannen å kunne kompensere inntektstapet (om lag 2,6 mill. kroner) – i oktober blir det fremja ein sak til kommunestyret om budsjettjustering.

Rådmannen ynskjer at tertialrapportane på sikt vil kunne skilje ut det som er særskilt for normal drift i Gol kommune, det som er spesielt for Gol kommune sin måte å organisere verksemda på (interkommunale tiltak) samt kommune-Noreg sin måte å behandle sjølvkost i rekneskapen og budsjett. Arbeidet har diverre ikkje vore prioritert

Gol, 7. oktober 2014



Hege Mørk
rådmann